



MØTEINNKALLING

Arkivsak: 12/153

Løpenummer: 12/6217

Utval: Formannskapet

Møtestad: Kommunetunet

Møtedato: 24.09.2012

Tid: Kl. 12:00

Forfall eller inhabilitet:

Grunngjeve forfall til møtet, eller inhabilitet, må meldast snarast råd til postkasse@fusa.kommune.no eller ekspedisjonen tlf. 56 58 01 00.

Administrasjonen kallar inn varamedlem.

Varamedlemer møter berre etter særskild innkalling.

Dokumenta ligg til offentleg ettersyn på heimasida www.fusa.kommune.no og på biblioteket, Kommunetunet, Eikelandssosen.

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
075/12	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLANE FRÅ MØTA 06.06. OG 19.06.2012
076/12	DELEGERTE SAKER
077/12	2. TERTIALRAPPORT 2012 (Saka vert ettersendt)
078/12	PROSJEKTRAPPORTERING - FORMANNSKAPET 2012
079/12	TILSTANDSRAPPORT FOR GRUNNSKULEN I FUSA KOMMUNE 2012
080/12	BUDSJETT 2013 - ØKONOMIPLAN 2013-2016 – RAMMER (Saka vert ettersendt)
081/12	OMBYGGING AV IDRETTSANLEGG PÅ HOLDHUS - BRUK AV MVA-KOMPENSASJONSMIDLAR

- 082/12 HØYRING - SKULE OG TILBODSSTRUKTUR FOR FRAMTIDA
HORDALAND FYLKE SIN SKULEBRUKSPLAN
- 083/12 SØKNAD OM FRITAK FRÅ KOMMUNALE VERV - KRISTIANNA
BERGET - SUPPLERINGSVAL
- 084/12 SØKNAD OM FRITAK FRÅ KOMMUNALE VERV - ÅSE KRISTIN
UGLEHUS - EVT. SUPPLERINGSVAL

Eikelandsosen, 13. september 2012

Hans S. Vindenes
Ordfører

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
075/12	Formannskapet	24.09.2012	HOP

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLANE FRÅ MØTA 06.06. OG 19.06.2012

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møtebøkene frå møta 06.06. og 19.06.2012 vert godkjend.

Saksframstilling:

Saksdokument:

Ikkje vedlegg : Møteprotokollane frå møta 06.06 og 19.06.2012

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
076/12	Formannskapet	24.09.2012	HOP

DELEGERTE SAKER

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Saka vert teke til orientering

Saksframstilling:

DFOR GST
013/12:

DELEGERT VEDTAK - ABAMBULERANDE SKJENKELØYVE TIL SLUTTA LAG - FRANK MOHN FUSA AS

Vedtak:

Med heimel i kommunestyrevedtak 0046/08, Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Fusa kommune 2008 –2012, innvilgar rådmannen eit ambulerande løyve til slutta lag til Frank Mohn Fusa AS v/Ivar Hellebø i samband med grillfest for tilsette 22.06.12 Jf. alkohollova § 4-5, §§ 4-2, 4-3, 4-4.

Skjenkelokale: Grillområde ved bedrifta - Frank Mohn Fusa A/S (telt)

Skjenkeløyvet gjeld:

Alkoholhalding drikk gruppe 1: Drikk som inneholder over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol (tidlegare nemnt som ”øl”)

Alkoholhalding drikk gruppe 2: Drikk som inneholder over 4,78 og mindre enn 22 volumprosent alkohol (tidlegare nemnt som ”vin”)

Skjenkestyrar: Ivar Hellebø

Skjenketid: Kl 15.00 – 20.00

Fortæringstid er inntil 30 min etter skjenketidas slutt

Aldersgrense på arrangementet: 18 år

Skjenkestyrar må vera kjend med lover og reglement som gjeld for skjenkeløyve.

Skjenkeavgifta for dette skjenkeløyvet vert kr 200,- Det vert sendt faktura.

DFOR GST
014/12:

**DELEGERT VEDTAK - C SKJENKELØYVE - NESJAHEIMEN I
SAMBAND MED VINNESFESTIVALEN**

Vedtak:

Med heimel i kommunestyrevedtak 0046/08, Rusmiddelpolitisk Handlingsplan for Fusa Kommune 2008 - 2012, innvilgar rådmannen eit einskildløyve 16.06.12 til Nesjaheimslaget i samband med Vinnes Festival. Jf. alkohollova jf. § 1-6, §§4-2, 4-3, 4-4

SKJENKELOKALE: VINNESHOLMEN

SKJENKELØYVE GJELD: *ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 1: DRIKK SOM INNEHOLDER
OVER 2,5 OG HØYST 4,7
VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT SOM "ØL"*
*ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 2: DRIKK SOM INNEHOLDER OVER 4,7
OG MINDRE ENN 22 VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT SOM
"VIN")*

Skjenkestyrar: Roger Hoel
**Skjenketid: kl. 19.00 – 01.00 i samsvar med vedtak i driftsutvalet i fjor,
Fortæringstid er inntil 30 min etter skjenketidas slutt**
Aldersgrense: 18 år.

Skjenkestyrar må vere kjend med lover og reglement som gjeld for skjenkeløyve.

Vakthald i samsvar med krav frå politiet og søknaden (25 vakter minst 7 av dei med skjenkekurs).

Skjenkeavgifta for dette skjenkeløyvet vert kr 600,-. Det vert sendt ut faktura for innbetaling av skjenkeavgift. Betalt skjenkeavgift vert ikkje tilbakebetalt om ikkje løyvet vert nytta. Løyvehavar skal senda inn opplysningar om faktisk omsetning innan 2 veker etter at arrangement er gjennomført. Jf. elles premissar i saksframstillinga.

Fortæringstid vert sett til kl 01.30, jf. alkohollova § 4-4.

Jf. alkohollova § 1-6, §§ 4-2, 4-3, 4-4 og rusmiddelpolitisk handlingplan.

DFOR GST
015/12:

**DELEGERT VEDTAK - UTVIDA LOKALE SKJENKELØYVE
09.06.12 - KONGESMAK AS**

Vedtak:

Med heimel i alkohollova § 4-2 2 og 3. ledd vert Kongesmak A/S gitt løyve til skjenking av gruppe 1 og gruppe 2 (øl og vin) i telt utanfor Handelslaget på parkeringsplass laurdag 09.06.12 frå kl 18.00 til kl 23.30 m/fortæringstid til kl 24.00 på følgjande vilkår.

I serveringstelt for inntil 80 personar,

Teltet vert plassert inn på parkeringsplassen i samsvar med opplysningar gitt i søknad på same måte som i 2009. Etter gjeldande regelverk må vera 2 utgangar i teltet.

Løyvet må også utøvast i samsvar med evt. vilkår som politiet set.

Det vert føresett at skjenking og fortæring foregår i teltet plassert på parkeringsplassen og at det vert utført nødvendig kontroll av vakter. Aldersgrense løyvet til Kongesmak både i telt og ordinært skjenkeløyve i denne perioden med utvida skjenkeløyve er 18 år.

Ein føreset elles at inngangen i teltet må vera slik plassert at gjestene ikkje kjem rett ut på vegen og viser til opplysningar frå søkjar om tau som avgrensar mot vegen. ”

Løyvet skal utøvast i samsvar med vilkår og gjeldande regelverk, jfr. alkohollova §4-7 med forskrifter. Jf. også retningslinjer i rusmiddelpolitisk handlingsplan m.a. pkt 8 nr 3.1 – 3.4 Vi føreset at løyvehavar er kjent med lova, forskriftene og retningslinjer i rusmiddelpolitisk handlingsplan og dei plikter som fylgjer av desse.

Utvidinga er gitt i samband med marknadsarrangement og på same vilkår som vart gitt til Sommarmarknad ved Fjordn Senter.

Politiet og sosialtenesta har ikkje merknader til at løyvet vert gitt på desse vilkåra.

Politiet har sett opningstida i teltet til kl 24.00.

Løyvet er ei utviding av det ordinær løyvet til Kongesmak A/S og overtreding av skjenkeløyvet kan føra til inndraging av restauranten sitt ordinære løyve.

DFOR GST
016/12:

**DELEGERT VEDTAK - SKJENKELØYVE - BRUVANG
BALDERSHEIM BYGDALAG 23.06.12**

Vedtak:

Med heimel i kommunestyrevedtak 0046/08, Rusmiddelpolitisk Handlingsplan for Fusa Kommune 2008 - 2012, innvilgar rådmannen eit einskildløyve til Baldersheim Bygdalag v/styreleiar til revy m/dans laurdag 23.06.12. Jf. alkohollova jf. §1-6.

SKJENKELOKALE: BRUVANG – BALDERSHEIM BYGDALAG SITT FORSAMLINGSLOKALE

SKJENKELØYVE GJELD: *ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 1: DRIKK SOM INNEHOLDER
OVER 2,5 OG HØYST 4,7
VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT SOM ”ØL”
ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 2: DRIKK SOM INNEHOLDER OVER 4,7
OG MINDRE ENN 22 VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT
SOM ”VIN”)*

SKJENKESTYRAR: SVENN AUSTEFJORD

SKJENKETID: KL 19.30 – 01.30

Fortæringstid er inntil 30 min etter skjenketidas slutt

Aldersgrense: 18 år.

Skjenkestyrar må vere kjend med lover og reglement som gjeld for skjenkeløyve.

Skjenkeavgifta for dette skjenkeløyvet vert kr 600,-. Det vert sendt ut faktura på skjenkeavgift. Betalt skjenkeavgift vert ikkje tilbakebetalt om ikkje løyvet vert nytta. Løyvehavar skal senda inn opplysningar om faktisk omsetning innan 2 veker etter at arrangement er gjennomført.

Saman med oppgåva skal det følgja kvitering frå den som ølet/vinen er innkjøpt gjennom

DFOR ERV
017/12:

**SØKNAD OM MIDLAR TIL RENOVERING AV TERTNES GAMLE
SKOLE**

Vedtak:

Fusa kommune kan ikkje stetta søknad frå Dyrebeskyttelsen avdeling Bergen og Hordaland om tilskot til å utbetra Tertnes gamle skule for å etablera ”Dyrenes hus”. Fusa kommune har lite frie tilskotsmidlar til frivillig sektor og prioriterer difor tiltak i eigen kommune.

DFOR ERV
018/12:

SØKNAD OM TILSKOT TIL OPPSTART AV FUSA TURLAG

Vedtak:

Fusa kommune gjev eit oppstarttilskot på kr 2.000,- til Fusa turlag. Tilskotet går frå kt 1.1721.3854.4701.

DFOR ERV
019/12:

SØKNAD OM TILSKOT TIL LANDSTURNERINGA I HANDBALL OG FOTBALL 2012

Vedtak:

Fusa kommune gjev eit tilskot til Os turnforening på kr 800,- per lokale deltakar på Landsturneringa i handball 2012 i Kristiansand for menneske med psykisk utviklingshemming. Tilskotet vert betalt ut på etterskot ved dokumentasjon av lokal deltaking. Tilskotet går frå kt 1.1721.3854.4701 (Tilskot etter søknad)

DFOR GST
020/12:

DLEGERT VEDTAK - SKJENKELØYVE - 7.7.12 STRANDVIK GRENDAHUS

Vedtak:

Med heimel i kommunestyrevedtak 0046/08, Rusmiddelpolitisk Handlingsplan for Fusa Kommune 2008 - 2012, innvilgar rådmannen eit einskildløyve til Strandvik grendahus v/styreleiar til revy og dans laurdag 7.07.12. Jf. alkohollova jf. §1-6.

SKJENKELOKALE: STRANDVIK GRENDAHUS SITT FORSAMLINGSLOKALE

SKJENKELØYVE GJELD:*ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 1: DRIKK SOM INNEHOLDER OVER 2,5 OG HØYST 4,7 VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT SOM "ØL"*
ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 2: DRIKK SOM INNEHOLDER OVER 4,7 OG MINDRE ENN 22 VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT SOM "VIN")

SKJENKESTYRAR: ARNT OVE LUNDERVIK

SKJENKETID: KL 19.00 – 01.30

Fortæringstid er inntil 30 min etter skjenketidas slutt

Aldersgrense: 18 år.

Skjenkestyrar må vere kjend med lover og reglement som gjeld for skjenkeløyve.

Skjenkeavgifta for dette skjenkeløyvet vert kr 600,-. Det vert sendt ut faktura på skjenkeavgift. Betalt skjenkeavgift vert ikkje tilbakebetalt om ikkje løyvet vert nytta. Løyvehavar skal senda inn opplysningar om faktisk omsetning innan 2 veker etter at arrangement er gjennomført.

Det vert ikkje gitt skjenkeløyve i telt ute, jf. Retningslinjer i vedteken rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Saman med oppgåva skal det følgja kvitering frå den som ølet/vinen er innkjøpt gjennom

DFOR GST
021/12:

**DLEGERT VEDTAK SKJENKELØYVE - EIKELANDSOSEN KAI -
SHOWBOAT AS 17.07.12**

Vedtak:

Med heimel i kommunestyrevedtak 0046/08, Rusmiddelpolitisk Handlingsplan for Fusa Kommune 2008 - 2012, innvilgar rådmannen eit einskildløyve 17.07.12 til Shoboat AS/ Harald Skogheim i samband med revyen . Jf. alkoholova jf. § 1-6, §§4-2, 4-3, 4-4
SKJENKELOKALE: MF SHOWTIME AS- VED EIKELANDSOSEN KAI

SKJENKELØYVE GJELD:

*ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 1: DRIKK SOM INNEHOLDER OVER 2,5 OG HØYST 4,7
VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT SOM "ØL"
ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 2: DRIKK SOM INNEHOLDER OVER 4,7
OG MINDRE ENN 22 VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT SOM
"VIN")*

Skjenkestyrar: Harald Skogheim
Skjenketid: kl. 17.00 – 01.30 (innandørs)
Fortæringstid er inntil 30 min etter skjenketidas slutt

Utandørs skjenketid til kl 22.00 med fortæringstid til kl 22.30

Aldersgrense: 18 år.
Etter kl. 01.00 er det ikkje høve til å sleppe inn nye gjester.

Skjenkestyrar må vere kjend med lover og reglement som gjeld for skjenkeløyve.

Skjenkeavgifta for dette skjenkeløyvet vert kr 600,-. Vi sende eigen faktura. Betalt skjenkeavgift vert ikkje tilbakebetalt om ikkje løyvet vert nytta. Løyvehavar skal senda inn opplysningar om faktisk omsetning innan 2 veker etter at arrangement er gjennomført.

DFOR ERV
022/12:

**SØKNAD OM TILSKOT TIL UTSTILLING PÅ BOGØY I SAMBAND
MED KYSTSOGEDAG**

Vedtak:

Fusa kommune gjev eit tilskot på kr 5.000,- til Anja Tveiterås production for å dekke materialkostnader i samband med produksjon av utstilling til Kystsogedag på Bogøy 18. august. Tilskotet går frå kt 1.1721.3854.4701

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
078/12	Formannskapet	24.09.2012	OHA

Sakshandsamer: Øystein Havsgård

Arkivsaknr 12/135

PROSJEKTRAPPORTERING - FORMANNSKAPET 2012

RAPPORT PR 4.9.2012

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Prosjektrapporten vert teken til etterretning.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Formannskapet

Saksdokument:

Vedlegg:

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

Trafikksikring RV552-Opsalmarka - Prosjekt 070

Endring etter førre rapport: Der blir arbeidd med ekstern finansiering av tilleggskostnaden.

Bygging av gangbru over RV552 med gang- og sykkelveger langs RV552 og langs veg til Opsalmarka har vore ute på anbod med anbodsopning 16.02.12. Det kom inn 2 anbod. Sum alle fag, prosjekteringskostnader, uforutsette utgifter mm. er brutto kr. 1 100 000,- høgare enn løyvd til trafikksikringstiltak.

Til prosjektet 070, trafikksikring vegar, kryss RV552/Opsalmarka, er det løyvd 4,1 millioner kroner. Av disse er kr. 325 000,- brukt på trafikksikringstiltak (reguleringsplanar) på Rød, Holdhus og Baldersheim. Prosjektet mangler dermed en finansiering på kr. 1 425 000,-. Prosjektet er eit veganlegg der det berre skal betalast meirverdiavgift på varer. Meirverdiavgifta er rekna til kr. 500 000,-. Avgifta kan variera litt avhengig av korleis entreprenøren utfører jobben.

Prosjekteringsarbeidet som er utført er grundig gjennomgått, og forslag til endringar for å få ned totalcostnader er oversendt for statisk berekning.

Vi arbeider for å få inn en fastpris på ny løysning i løpet av veke 36/37. Fusa Kraftlag har sagt seg villig til å ta kostnaden med å leggje høgspenlinje i grøft. Med en fastpriskontrakt som er lågare enn anbudssum, redusere post for uforutsette utgifter og tilskott frå Fusa Kraftlag vil behovet for tilleggsløyvingar bli vesentleg redusert.

Budsjett:

2010	2011	2012	2013	2014	Sum
2 500 000	1 100 000	500 000			4 100 000

Nore Fusa Oppvekstsenter – prosjekt 161

Kommunestyret vedtok i juni utbygging av barnehage med 3 basar og 60 plassar.

Etter vedtak om investeringsstopp har det ikkje vært aktivitet på byggeplassen.

Anbudsbeskrivelse blir no utarbeidd av Teknisk Drift i samarbeid med arkitekt. Arkitekt sender teikningsmaterieil og funksjonsbeskrivelse for godkjenning til Arbeidstilsynet. I løpet av hausten vert alle fag lagt ut på Doffin med planlagt anbudsåpning før formannskapsmøte i november.

Budsjett:

2009	2010	2011	2012	2013	Sum
2 000 000	250 000	4 375 000			6 625 000

Fusa Symjehall – prosjekt 241

Det har ikkje vore aktivitet på byggeplassen sidan mai. Samarbeidet med murarfirma er avslutta og økonomisk oppgjer ferdig.

All riving og oppbygging av nye konstruksjonar er på det nærmaste ferdig, og klar for fliselegging.

Gjenstående mur- og flisarbeid med meir har vært kunngjort på Doffin som totalentreprise. Anbudsåpning er sett til 10.09.12.

Budsjett:

2011	2012	2013	2014	2015	Sum
7 700 000					7 700 000

Eikhovdaheimen - Prosjekt 250

Grunnarbeid er ferdig og rivingsarbeid for å gi tilkomst til betongarbeid pågår.

Ventilasjonsaggregat og brannvarslingsanlegg er under utskifting.

Areal for base til heimetenesta har høgste prioritet. Før nye lokale for heimetenesta står klar, kan ikkje entreprenørar få effektiv framdrift i sine arbeid.

Budsjett:

2011	2012	2013	2014	2015	Sum
9 300 000					9 300 000

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
079/12	Formannskapet	24.09.2012	ANHE

Sakshandsamer: Anne Helen Helland

Arkivsaknr 12/910

TILSTANDSRAPPORT FOR GRUNNSKULEN I FUSA KOMMUNE 2012

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

TILSTANDSRAPPORT FOR GRUNNSKULEN I FUSA KOMMUNE VERT LAGT FRAM TIL ORIENTERING OG DRØFTING.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
26.07.2012	TILSTANDSRAPPORT FOR GRUNNSKULEN I FUSA 2012	48721

Faktiske opplysninger:

Tal frå Skoleporten viser at Fusa sine driftsutgifter pr. grunnskuleelev for 2011 er kr 108.341,- Til samanlikning er driftsutgiftene for Kgr 1 kr 102.825,-, Hordaland 93.585,- og Noreg 93.710,-.

Indikatoren viser korrigererte brutto driftsutgifter pr. grunnskuleelev, her er også driftsutgifter til lokale og skyss med.

Lønnsutgifter pr grunnskuleelev i Fusa er for 2011 på kr 87.939,-. For Kgr 1 kr 82.556,- , Hordaland 74.928,- og Noreg 73.242,-

Driftsutgifter til inventar og utstyr pr. grunnskuleelev er kr. 1055,- , Kgr 1 kr 964,-, Hordaland 738,- og Noreg kr 850,-

Driftsutgifter til undervisningsmateriell pr.grunnskuleelev er kr 2.031,-, Kgr 1 kr 1.641,-, Hordaland 1.467,- og Noreg 1.445,-

På alle desse områda er driftsutgiftene i Fusa pr.grunnskuleelev høgare enn i kommunegruppe 1, Hordaland og Noreg.

Vurdering:

Under pkt 1, samandrag på side 4, vert det stilt nokre spørsmål til refleksjon og drøfting.

Under pkt 3, system for oppfølging på side 30, beskriv ein ulike samhandlingsarenaer og samhandlingsrutinar på tvers i kommunen.

Under pkt 4, konklusjon på side 31, peikar ein framover og seier noko om utviklingsområda til grunnskulen i Fusa.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
081/12	Formannskapet	24.09.2012	OHA

Sakshandsamer: Øystein Havsgård

Arkivsaknr 12/1130

OMBYGGING AV IDRETTSANLEGG PÅ HOLDHUS - BRUK AV MVA-KOMPENSASJONSMIDLAR

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Ombygging av del av rulleskiløype ved Holdhus oppvekstsenter vert gjennomført som kommunalt utbyggingsprosjekt i samarbeid med Hålandsdal idrettslag. Kommunen vert framleis ståande som eigar av heile anlegget. Kommunen sin del av kostnaden vert mva-kostnaden på inntil kr 63.000, som vert finansiert ved bruk av mva-kompensasjonsmidlar. Øvrig finansiering er midlar frå idrettslaget og bygdeutvalet.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg:

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

Då kommunen i nært samarbeid med Hålandsdal idrettslag bygde ut idrettsanlegga ved Holdhus oppvekstsenter i 2006-2007 vart utforminga av deler av stadionområdet for rulleskiløypa tilpassa dåverande eigedomsgrensar. Det medførte ein altfor skarp sving inn mot mål på rulleskiløypa.

Etter utbygginga har kommunen kjøpt fritidseigedom som då utgjorde avgrensinga.

Idrettslaget, oppvekstsenteret, bygdeutval og teknisk drift har saman laga eit framlegg til utnytting av fritidseigedom. Bygningen på eigedom er riven, slik at det er snakk om utnytting av arealet.

Ein del av framlegget er ombygging av rulleskiløypa for å få ein betre trase. Idrettslaget er villige til å finansiera dette, men ynskjer at kommunen formelt står for arbeidet primært for å få nytte av mva-kompensasjonsordninga.

Kostnad med ombygginga av løypa inklusiv litt naudsynt opprydding på tomten knytt til utbygginga er rekna til kr 250.000 pluss mva, som utgjør kr 63000.

Følgjer ein modellen frå utbygginga i 2006-2007 vert dette organisert som ombygging av eit kommunalt idrettsanlegg der nettokostnad vert dekkja av idrettslag og bygdeutval og kommunen sitt bidrag vert finansiering av meirverdiavgift gjennom bruk av mva-kompensasjonsmidlar.

Vurdering:

Rådmannen rår til at ein her følger same utbyggings- og finansieringsmodell som ved utbygginga av idrettsanlegga på Holdhus i 2006-2007. Det inneber utbygging i kommunal regi der kommunen sin del av finansieringa er å dekkja mva-kostnaden med mva-kompensasjonsmidlar.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
020/12	Ungdomsrådet	18.09.2012	ANHE
082/12	Formannskapet	24.09.2012	ANHE

Sakshandsamer: Anne Helen Helland

Arkivsaknr 12/931

HØYRING - SKULE OG TILBODSSTRUKTUR FOR FRAMTIDA HORDALAND FYLKE SIN SKULEBRUKSPLAN

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Høyringsuttale til Hordaland fylke sin skulebruksplan vert sendt slik det kjem fram av saksutgreiinga.

Saksframstilling:

Fusa kommune vil senda høyringsuttale i samband med Hordaland fylke sin plan med forslag til ny skule- og tilbodsstruktur for framtida. Innhaldet i høyringsuttalen kjem fram i saksutgreiinga.

Vedtaksmynde:

Saksdokument:

Vedlegg: Utklipp frå ”Sommar i Fusa”

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
07.09.2012	Sommar i Fusa.pdf	49889

Ikkje vedlegg:

Sjå skulebruksplanen på Hordaland fylkeskommune si heimeside: <http://www.hordaland.no>

Faktiske opplysninger:

Hordaland fylke har ute på høyring ein Skulebruksplan for Hordaland fylke 2012-24 som tek for seg prioriteringar og utvikling innan vidaregåande opplæring for dei nærmaste 20 åra. Følgjande kriteria har blitt lagt til grunn:

Skulestorleik – mellom 300 og 1200 elevar pr skule. Minst 4 parallellar.

Fagtilbod – skal styrkjast og konsentrerast på færre skular. Unngå konkurranse med naboskule

Kapasitet – skal dimensjonert ut frå forventa elevtalsauke i region og forventa reisemønster

Lokalisering og reisetid – skulestrukturen før samsvara med regionsenterstrukturen

Skuleanlegg - gode areal utnyttast, lågt elevtal og feil plassering kan gje nedlegging

Økonomi – Betre utnytting av ressursane skal gje innsparing

Framlegg i planen med verknad for Fusa vidaregåande skule:

Fylgjande område skal aukast:

Mekanisk

Helse og oppvekst

Ingen endring / reduksjon:

Studieførebuande med formgjevingsfag

Reduksjon:

Vaksenopplæring

Fagskulen

Naturbruk / Akvakultur

Restaurant og matfag

Spesialundervisning

Kva seier samfunnsdelen av kommuneplanen?

I 2011 vedtok Fusa kommunestyre mål for samfunnsutviklinga vår i "[Fusa - midt i blinken. Samfunnsdelen til kommuneplanen 2011-2023](#)".

Mellom måla for bukommunen Fusa er m.a. at Fusa skal ha eit godt vidaregåande skuletilbod og høgskuletilbod. Strategiar for å sikra dette er m.a.

- å medverka til at Fusa vgs har eit godt arbeids- og næringsretta tilbod til ungdom i regionen
- å medverka til etablering av nye idrettstilbod på Fusa vgs
- å medverka til vidareutvikling av modulbasert vidaregåande utdanning, der ein kan byggja opp kompetanse over tid
- å medverka til vidareutvikling av det desentraliserte fagskuletilbodet og vaksenopplæringstilbodet ved Fusa vgs.

For arbeidskommunen Fusa har kommuneplanen m.a. som mål å sikra tilgang på kvalifisert arbeidskraft. Dette skal vi m.a. oppnå ved å utvikla nye skuletilbod tilpassa næringslivet sine behov i samarbeid med Fusa vgs, og støtta opp om tilbod om kurs og kompetanseheving, vidare- og etterutdanning. Eit allsidig næringsliv og variert tilbod av arbeidsplassar skal sikrast m.a. ved å styrkja og vidareutvikla det vidaregåande skuletilbodet.

Fusa vidaregåande skule

Vedlagt oppslag frå Sommar i Fusa viser status for skulen når det gjeld studietilbod.

Skulen har eit tett samarbeid med næringslivet i kommunen og regionen på ulike måtar som t.d.:

- Arbeidsgruppe med representantar frå Fusa næringslivslag, Fusa utviklingsselskap, Fusa kommune og rådgjevar frå Fusa ungdomsskule og Fusa vidaregåande skule. Gruppa møttest jamleg og står m.a. for Fusamesso. Ei utdanningsmesse der lokalt næringsliv og skule presenterer seg.
- Det er samarbeidsmøte mellom involverte bedrifter og skulen innan alle TAF-tilboda. Fusa vidaregåande skule har samarbeid med bedrifter i Fusa, Kvam, Kvinnherad, Os.

Fusa vidaregåande skule har over fleire år bygt opp ein kompetanse i personalet som er tilpassa dei faga dei no har. Dei har utvikla ein eigen modell for å setja saman grupper på tvers av studieretningane for å gjera maksimal nytte av ressursane. Dei driv difor både rasjonelt økonomisk og studievennleg.

Dersom framlegget vert vedtatt vil det bety ein reduksjon av elevtalet til om lag 180. Det ha som konsekvens at nesten halvparten av kompetansen i personalet vil bli borte. Det vil påverka samarbeidsmiljøet for lærarane og læringsmiljøet for elevane. Bortfall av dei ulike studietilboda har ulik verknad innan skulen og konsekvensar for nedslagsfeltet til skulen, men viktigast er at tilboda har ein indre samanheng og at store endringar vil påverka ein samla skule.

Bortfall av kompetanse vil særleg verta merkbart i samspelet mellom naturbruk / akvakultur, fagskule og TAF Marin. Det er dei same lærarressursane som vert nytta og samspelet ein har bygt opp i lag med lokalt og regionalt oppdrettsnæring gjer at alle partar gjev erfaring og læring til kvarandre.

Dersom naturbruk / akva vert borte, kan det bli vanskeleg å halda oppe eit sterkt nok fagmiljø også for TAF Marin. Det er det gode eksisterande fagmiljøet på skulen i tillegg til samarbeidet med næringa sjølv som er grunnlaget for at det samla tilbodet innan Marin er så godt ved Fusa vidaregåande skule.

Oppdrettsnæringa er sterk i regionen. Berre i Fusa kommune gjev næringa ei verdiskaping på om lag ein milliard kroner årleg. Nedslagsfeltet til skulen omfattar i tillegg til Fusa både Kvam, Kvinnherad, Tysnes og Os. Fusa vidaregåande skule ligg sentralt i denne sterke oppdrettsregionen. Marin sektor er ein av dei viktigaste økonomiske sektorane i Noreg. Matproduksjonen i oppdrett er formidabel, berre i Fusa vert det produsert om lag 62 millionar porsjonar laks kvart år.

Marin sektor er eit av næringsområda som Hordaland fylke skal satsa særleg på. Det er sett i gang eit prosjekt for å auka rekrutteringa til marin sektor. Prosjektet er eit spleiselag mellom offentleg sektor og næringa. Ein har byrja å sjå noko effekt av dette, og ein forventar større effekt dei nærmaste åra.

Grunnopplæring innan marin er i dag på Austevoll vidaregåande skule og Fusa vidaregåande skule. Kvar av desse skulane har sine fortrinn. Skal ein sikra ei god og tilgjengeleg grunnutdanning må ein byggja vidare på den kompetanse kvar av desse skulane har.

Dette ser ein også tydeleg i samarbeidet om fagskule innan akva. Begge skulane samarbeider om dette tilbodet for å gjera det best mogeleg.

Austevoll vidaregåande skule og Fusa vidaregåande skule er samde om at det beste tilbodet innan marin opplæring kan ein få med at begge skulane får høve til å utvikla seg. Ikkje med at tilbodet i større grad vert samla på Austevoll.

Fagskulen

I dag er det den enkelte skule åleine eller i samarbeid med andre skular som søkjer om godkjenning som fagskule innan eit fagområde. Det er i dag 8 – 10 skular som gjev tilbod. Fusa vidaregåande er mellom desse.

Skulebruksplanen har to framlegg til endra organisering.

- Samla organisering av fagskuletilbodet til Bergen
- Dela organiseringa i Teknisk, Maritim og Helse – og fordela områda på ulike skular

Det er avgjerande viktig at det vert eit breitt tilbod innan fagskulane i Fylket og at det vert gitt tilbod i nærleiken av der folk bur. I stor grad er det vaksne folk i arbeid som gjer seg nytte av fagskulane. Ei mogeleg sentralisering av organiseringa må ikkje føra til ei sentralisering av tilbodet.

Erfaringa viser at det beste tilbodet får ein når det vert utvikla i eit nært samarbeid mellom skule og lokalt næringsliv. Det viser erfaringa frå Fusa vidaregåande skule til fulle.

Næringslivet har behov for påfyll av kompetanse til arbeidstokken sin. Fagskulane er – og kan i enno større grad bli, eit viktig reiskap for å hjelpa til med kompetanseheving i distrikta. I

samarbeid med lokalt næringsliv ligg det eit stort potensiale for opplæring i fagskulane. Måten ein organiserer dette på kan bli avgjerande for både kvalitet og nytte.

Spesialundervisning

Det er framlegg om å leggja spesialundervisning til Os. I dag er spesialundervisninga ein integrert del av læringsmiljø og trivsel på Fusa vidaregåande. Elevane som treng spesialundervisning får det i eit trygt, godt og oversiktleg miljø. Gruppa er likevel så synleg at den er med på å prega miljøet på skulen på ein god måte. Det påverkar både "vanlege" elevar og dei som treng ekstra oppfølging gjensidig og gjev skulemiljøet rikare.

Vurdering:

Dersom Skulebruksplanen vert gjennomført fullt ut vil det ha store konsekvensar for Fusa vidaregåande skule.

Fusa vidaregåande skule viser kvart år til gode resultat på karakterar og trivselsundersøkingar mellom elevane. Her er skulen i noregstoppen. Skulen har svært lite fråfall. Skulen tok i bruk ein ny fløy hausten 2011 og har moderne og tenelege lokale sentralt i Eikelandsosen.

Fusa vidaregåande skule har hatt ei flott utvikling sidan det tidleg på 1980-tallet vart etablert ein filialklasse i Eikelandsosen under Os yrkeskule.

I dag har skulen eit fullverdig tilbod innan mange fagretningar og til både ungdom og vaksne. Fusa vidaregåande skule har heile tida vore svært flink til å samarbeida med lokalt næringsliv og lokalmiljøet elles for å etablere utdanningstilbod som regionen har behov for.

Opplæring i Naturbruk, Akvakultur og etter kvart TAF Marin og no også fagskule innan akvakultur, er eit svært godt døme i så måte. Skulen er den i landet som har breiast tilbod innan dette fagfeltet.

Kriteria som Skulebruksplanen byggjer på tek utgangspunkt i økonomiske og praktiske tilhøve. Kva kvalitet og innhald skulane har, eller bør ha, er i liten grad tema. Fusa vidaregåande skule er ein god skule som skårar høgt på dei områda som er viktigast for ein skule:

- Gode karakterar
- Godt læringsmiljø
- Høg trivsel mellom elevane
- Lite fråfall
- Engasjert personale
- Skulen har nye og tenelege lokale

I tillegg har skulen vore kreativ og løysingsorientert for å gje elevane eit godt og tilpassa tilbod, som t.d.:

- Tilbodet om å ta vidaregåande skule og samstundes få tilbod om trening i skiskyting er eit godt døme.
- Måten å gje undervisning på tvers av linjer for å gje eit best mogeleg tilbod og å utnytta kompetanse og økonomiske ressursar best mogeleg.

Fusa vidaregåande skule står i dag fram med eit samla tilbod som elevane, dei føresette og næringslivet i regionen tydeleg er godt nøgde med. Dette fordi det samla sett er eit tilbod på skulen som er stort nok til å gje elevane naudsynte val og fordi ein med den samansetjinga ein har av tilbod kan gje både breidde- og spisskompetanse frå lærarane.

Ein reduksjon av tilbodet vil rokka med heilskapen ved skulen og kan vera med på å svekka også det tilbodet som vert igjen på skulen.

Fusa kommune er ein stor oppdrettskommune og vil særleg peika på at det er vesentleg for oppdrettsmiljøet i regionen at ein har eit fullverdig tilbod innan akvakultur, frå grunnlaget i Naturbruk til fagskule for dei som er ute i arbeidslivet.

Fusa kommune vil også peika på fagskuletilbodet ved skulen som særleg viktig. Dei har i dag tilbod innan akvakultur, psykisk helse og kreftomsorg. Dette er tilbod som er utvikla med utgangspunkt i behov i regionen. Tilbodet vert gitt lokalt og gjev eit unikt høve for arbeidstakarar for kompetanseauke samstundes som ein kan vera i arbeid.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
	Kommunestyret		GST
083/12	Formannskapet	24.09.2012	GST

Sakshandsamer: Gunn Sissel Teigen

Arkivsaknr 12/1011

SØKNAD OM FRITAK FRÅ KOMMUNALE VERV - KRISTIANNA BERGET - SUPPLERINGSVAL

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

SØKNAD OM FRITAK VERT IMØTEKOMEN.

_____ VERT VALT SOM NYTT MEDLEM I KONTROLLUTVALET.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
06.09.2011 11:45:07	VAL AV KONTROLLUTVAL FOR PERIODEN 2011 - 2015	34157

Ikkje vedlegg:

Søknad motteke 14.08.12
Kommunelova med kommentar

Faktiske opplysninger/Vurdering:

Kristianna Berget (H) søker i skriv motteke 14.08.12 om fritak frå alle politiske verv resten av denne valperioden grunna flytting til anna kommune.

Ho er med medlem i kontrollutvalet.

Eg vil med dette søke om fritak frå alle mine verv i Fusa kommune. Eg har fått jobb på Ågotnes, og har derfor flytta til Fjell kommune.

Kommunelova §15. nr 1 :

Den som taper valgbarheten til et folkevalgt organ i valgperioden, trer endelig ut av dette. Hvis tap av valgbarhet skyldes registrert utflytting fra kommunen eller fylkeskommunen for to år eller mindre, trer vedkommende ut av vervet for den tid utflyttingen varer.

Kommunalepartementet har m.a. lagt følgende til grunn i uttale:

” Den som taper valgbarheten pga. registrert utflytting fra kommunen eller fylkeskommunen for to år eller mindre, trer ut av vervet for den tid utflyttingen varer, jf § 15 nr 1, 2. setning. En kommune ønsket svar på om slik utflytting må anses som endelig uttreden med den følge at nytt medlem må velges.

Departementet uttalte at den som flytter ut fra kommunen må anses for å ha trådt endelig ut av vervet, jf § 15 nr 1, 1. setning, selv om vedkommende har krav på å få tre inn igjen dersom han/hun kommer tilbake innen to år. Det skal derfor velges nytt medlem. Det er uten betydning om man vet eller ikke vet hvor lenge utflyttingen vil vare. Det nye medlemmet må imidlertid tre ut dersom utflytteren vender tilbake innen to år, jf § 15 nr 1, 2. setning.”

Ut frå ovanemnde trer Kristianne Berget ut av vervet som medlem i kontrollutvalet.

Når det gjeld alle andre folkevalde organ enn kommunestyret, skal det veljast nytt medlem sjølv om det er valt varamedlemmer. Vidare står det i kommunelova § 16 nr 3 at suppleringsval skal skje frå same gruppe som den som trer ut høyrer til:

Kommunelova §16. Opprykk og nyval lyder slik:

- 1. Har medlemmer forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamedlemmer såvidt mulig i den nummerorden de er valgt. Varamedlemmer innkalles fra den gruppe hvor det er forfall.*
- 2. Hvis medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Er et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmer inn i den nummerorden de er valgt.*
- 3. Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomité og fylkestingskomité trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres fra den samme gruppe som den uttredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det så langt det er mulig velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.*
- 4. Trer lederen av et folkevalgt organ endelig ut av organet, skal det velges ny leder.*
- 5. Er antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ valgt av kommunestyret eller fylkestinget blitt utilstrekkelig, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Suppleringsvalg skal skje fra den gruppen som har et utilstrekkelig antall varamedlemmer. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller*

gruppens varamedlemmer, skal det så langt det er mulig velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Myndigheten til å foreta suppleringsvalg til andre organer enn formannskapet eller fylkesutvalget kan delegeres til formannskapet eller fylkesutvalget.

6. Ved suppleringsvalg etter nr. 3 og nr. 5 kan vedkommende gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige plassen. Gruppen underretter deretter kommunestyret eller fylkestinget, som velger vedkommende dersom de lovbestemte vilkår er oppfylt. Tilsvarende gjelder ved suppleringsvalg i henhold til nr. 5 siste punktum.

Kontrollutvalet har følgende samansetjing:

Medlemer	Varamedlemer
Fellesliste Frp, H	
1. Arild Legland, Frp	1. Ola Dale, H
2. Kristianna Berget, H	2. Hanne Aakre Bratland, Frp
3. Arne Holmefjord, Frp	
Fellesliste Ap, Krf, Sp, SV, V	
1. Øyvind Nordbø, Sp	1. Jan Birger Landøy, Krf
2. Turid Glesnes, Ap	2. Ragnhild Holmefjord, V

Arild Legland, Frp, vert leiar.
Øyvind Nordbø, Sp, vert nestleiar

Til orientering følger informasjon frå saksutgreinga – sak 58/11 - val av kontrollutval i kommunestyremøtet 9.11.11

”I mail av 02.09.11 frå Hogne Haktorson, heiter det:

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) er ein interesseorganisasjon for kontrollutvala i norske kommunar og fylkeskommunar og sekretariata deira.

Både etter valet i 2007 og seinare har me motteke informasjon frå mange kommunar om problemstillingar ifm. val av kontrollutval. Basert på dette har me laga eit brev med råd om kva kommunane bør vera særleg merksame på ved val av kontrollutval, hausten 2011.

Vedlagt er **både nynorsk- og bokmålsversjon** av brevet, og det er tenkt til:

- Ordførar / fylkesordførar
- Rådmann / fylkesrådmann
- Byråd / fylkesråd
- Saksansv. for valteknisk førebuing
- Videre er det teke med at kommunen / fylkeskommunen evt. kan videresende informasjonen til representantar for vallister til kommune- og fylkestingsvalet.

FKT håpar dette kjem til nytte ved førebuing av val til kontrollutvalet!”

Sjå vedlagde infoskriv.”

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
	Kommunestyret		GST
084/12	Formannskapet	24.09.2012	GST

Sakshandsamer: Gunn Sissel Teigen

Arkivsaknr 12/1042

SØKNAD OM FRITAK FRÅ KOMMUNALE VERV - ÅSE KRISTIN UGLEHUS - EVT. SUPPLERINGSVAL

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Saka vert lagt fram for formannskapet for tilråding til kommunestyret.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg:

Ikkje vedlegg:

Søknad av 24.08.12

Vallova. Kommunelova med kommentarar

Faktiske opplysningar/Vurdering:

Åse Kristin Uglehus (Ap) søker i skriv av 24.08.12 om fritak frå alle politiske verv resten av denne valperioden med følgjande grunngjeving:

Underteikna er i dag 1. vararepresentant for AP i kommunestyret, samt representant i Fusa Ungdomsråd.

Eg studerer i dag sensentralisert sjukepleie ved Høgskulen i Bergen, det er eit 75% studium. Eg har også 50% stilling ved Fusa Bu- og behandlingssenter, samt at eg er småbarnsmor til ei jente på 4 år. Studiet er krevjande, og i periodar er eg vekkrest i fleire veker i samband med praksisperiodar.

Sidan valet i 2011 har eg prøvd å kombinere eit travelt liv med politiske verv. Eg ser sjølv at eg ikkje maktar å kombinere dette lengre.

Er ser meg difor nøydd til å be om permisjon frå mine politiske verv ut valperioden.

Kommunestyret må i denne saka først vurdera om det er grunnlag for fritak. Og dersom det er grunnlag, må det veljast ny representant i ungdomsrådet. Ordførar må vurdera om det evt. også må gjerast eit nytt valoppgjær for å supplera varamannslista i kommunestyret.

I kommunelova §15 nr 2 finn vi reglane for korleis søknadar om fritak skal vurderast: *Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad fritta, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet.*

Det er skjønsmessig kva som er ”uforholdsmessig vanskelegheit eller belastning”. Fritaksgrunn vil i første rekkje kunna vera at søkjaren sitt arbeidstilhøve, dårleg helse eller andre velferdsgrunnar gjer det ekstra byrdefullt å oppfylle pliktene som følgjer med vervet.

Ut frå regelverket, opplysningane i saka her og praksis i Fusa ved søknader om fritak, kan rådmannen tilrå at søknaden vert imøtekommen.

Når det gjeld alle andre folkevalde organ enn kommunestyret skal det veljast nytt medlem, sjølv om det er valt varamedlemer. Vidare står det i kommunelova §16 at suppleringsval skal skje frå same gruppe som den som trer ut høyrer til. Ein må også sikra at kvart kjønn blir representert med minst 40% prosent.

Åse Kristin Uglehus valt via avtaleval som medlem i ungdomsrådet. Av kommunelova §16 nr 6. framgår følgjande: *”Ved suppleringsvalg etter nr. 3 og nr. 5 kan vedkommende gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige plassen. Gruppen underretter deretter kommunestyret eller fylkestinget, som velger vedkommende dersom de lovbestemte vilkår er oppfylt.”*

Dersom det vert gitt fritak frå vervet som vararepresentant i kommunelova, om varamannslista treng supplerast.

Vallova gjev reglar om evt. suppleringsval:

§ 14-2. Nytt valgoppgjør og suppleringsvalg til fylkestinget eller kommunestyret

(1) Fylkesordføreren eller ordføreren skal sørge for at fylkesvalgstyret eller valgstyret foretar nytt valgoppgjør dersom en representantplass i fylkestinget eller kommunestyret blir stående ubesatt.

(2) Det skal også foretas nytt valgoppgjør når en vararepresentantplass er blitt ledig, dersom fylkesordføreren eller ordføreren finner dette nødvendig.

Dersom ein vararepresentantplass vert ledig, skal det gjerast nytt valgoppgjær dersom ordføreren finn det nødvendig. Det er altså ikkje nokon automatikk i at det skal vera nytt valgoppgjær i slike tilfelle. Moment i vurderinga av om det er nødvendig med eit nytt valgoppgjær er i følgje lovforarbeida m.a.:

- Kor stor er gruppa i kommunestyret?
- Kor mange vararepresentantplassar er besatt?
- Kor lang tid er igjen av valperioden?